



Thor Inge Døssland, Kjetil Hauge og Tor Edvard Taranger (frå høgre) var oppteke av trafikksituasjonen langs riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Hvis Statens vegvesen vil, kan det bli to nye buss-skur langs riksvegen i Uskedalen og kanskje også ein undergang. Trafikksituasjonen i Korsnes-krysset er eit særleg ømt punkt. Der er det buss-skur berre for trafikken innover mot sentrum og skule-elevar og andre spring over vegen og lagar farlege situasjonar.**

Dette vart påpeika under det første Dialogforum i Gamleskulen, der det også vart lagt fram ein plan for montering av buss-skur i busslomma nedanfor Halsane. Kjetil Hauge jobbar med dette prosjektet. Han har søkt om 50.000 kroner frå banken til føremålet og meininga er å byggja eit skur av villmarkspanel og med torvtak. Det er nær kontakt med kommunen om prosjektet.

Tor Edvard Taranger kom inn på trafikksituasjonen i Korsnes-krysset, som har vore påpeika av velforeninga i mange år. Ein har venta på ein ny vegplan, men det har ikkje skjedd noko, Aller helst ønskjer folk ein undergang under riksvegen over til busslomma der det bør reisast eit skur. Ballbingen er flytta slik at det er god plass til undergang.

Reduksjon til 50 kilometer er også eit aktuelt tema.

Thor Inge Døssland åtvare mot å ha for mange ballar i lufta på ein gong og trudde at det var mest gunstig å satsa på buss-skur i første omgang, Men også han var for undergang fordi eit fotgjengarfelt ikkje vil løyse problemet.

Fleire peika på at det har vore farlege situasjonar fordi skule-elevar har sprunge over vegen.

Hauge og Taranger skal ta seg av desse sakene og ha møte med kommunen og vegvesenet.

Av Ola Matti Mathisen